

## Årsmelding for 2009

### Styret i Sandsøy idrettslag:

Leiar: Anne Bjørg Bringsvor

Nestleiar: Tor Arne Bringsvor

Kasserar: Svein Helge Bringsvor

Sekretær: Anders Bringsvor

Styremedlem: Bjørn Baade

Varamedlemmer: Lisbeth Helland og Oddbjørg E. Olsen.

Vi har hatt 5 styremøter.

Dette året har vi hatt 83 medlemmar, 35 barn og 48 vaksne.

Talet på tillitsvalde har vore 29 personar.

Drifta i år har gitt ei omsetning på ca. 126000,- og der av eit overskot på ca. 69000,-.

Grasrotandelen bidrog med 36000,- i klubbkassa.

Vi har fått på plass ein sponsoravtale med Sparebanken Møre som gir oss 7000 kroner.

Medlemskontingent i idrettslaget for 2009 var slik:

- barn 50,-
- vaksne 100,-
- familie 200,-

Treningsavgifta var i år ei felles avgift for fotball og friidrett, 200,- for dei minste og 300,- for eldste.

### Årets aktivitet:

#### Fotballgruppa

Minigutt 9:

Trenar: Monica. Oppmann: Gunhild Anfinnsen

Laget spelte turneringar i lag med Kvamsøy, Tjørnvåg, Larsnes og Hødd.

Laget var med på Gursken Cup.

Lillegutt 11:

Trenar: Eirik. Oppmann: Aina Strand

Laget stilte i 7-ar serien, men på grunn av få spelarar fekk laget dispensasjon til å spele 5-ar kampar. 66 mål vart skåra og laget spelte mange jamne kampar mot gode lag. Sjå vedlagt oversikt. Laget var med på Gursken Cup og Kiwi Cup i Ørsta.

Gutte 16 (7-ar):

Samarbeidslag med Åram.

Trenar: Anders. Oppmann: Svein Helge

Laget blei administrert av oss og heimekampane føregjekk i Oshaugane

Laget gjorde det skarpt og vann til slutt serien med 6 poeng. Målforskjell 96-49.

I tillegg samarbeidde vi med Åram om eit juniorlag. Laget blei administrert av Åram/VanKam og heimekampane blei spelt på Åram eller Eidså. Laget hamna midt på tabellen etter å ha avslutta sesongen sterkt.

21. november blei fotballsesongen avrunda med fotballavslutning på Dollstun.

Trimgruppa stiller med eigen årsrapport og der får vi mellom anna høyre meir om årets 7-toppstur og om friidrett.

Andre aktivitetar

Også dette året delte vi ut telefonkatalogar på Sandsøya/ Voksa og Kvamsøya. Guttelaget og representantar frå styret gjorde jobben. Dette fekk vi vel 2700,- for.

Styret i Sandsøy idrettslag

Hovedsponsor 2009:



**SPAREBANKEN MØRE**

# SANDSØY IL

## Årsmelding frå trimgruppa 2009

I 2009 har trimgruppa som ei prøveordning bestått av 10 medlemmer. Dette er for mange å forhalde seg til, og talet på medlemmer skal reduserast neste år.

Vi har som vanleg tatt oss av oppmerking og oppfølging av trimløyper og **trimbøker**. Vi har brukt dei same 8 postane som tidlegare år, og fleire av bøkene har vore godt besøkt. I år har vi premiar til dei 8 med mest poeng på kvar topp, pluss premie til den trimmaren med mest poeng og samtidig har vore på alle toppane. I tillegg får alle barn fødd 1994 og tidlegare ein statuett, dersom dei har vore på alle toppane.

Her er vinnarane på kvar topp:

|                 |                       |     |
|-----------------|-----------------------|-----|
| Kletten:        | Petter Toftesund      | 337 |
| Rinden:         | Anders Bringsvor      | 42  |
| Kleiveneset:    | Anders Bringsvor      | 40  |
| Dollsteinen:    | Lisbeth Helland       | 26  |
| Grøntua:        | Anders Bringsvor      | 45  |
| Hellandsvågane: | Heidi Våge            | 80  |
| Voksahaugen:    | Monika Flatøy         | 188 |
| Trollhola:      | Philippa van Iwaarden | 10  |

Poengtoppen samanlagt ser slik ut:

1. Anders Bringsvor 482 poeng
2. Torstein Helland 261 poeng
3. Eirik V. Bringsvor 232 poeng

**7-topps-turen og marsjen på langfredag** har no blitt ein tradisjon, og i 2009 vart arrangementet gjennomført med det hittil største talet på deltakarar. Vi fekk gode tilbakemeldingar om løypa, men også gode tips om nokre småting som kan gjerast betre til neste gong.

Dei 3 beste av dei 12 som sprang 7-topps-turen på tid vart:

|   |                        |           |         |
|---|------------------------|-----------|---------|
| 1 | Joar Moldskred         | Dimna     | 1.42.50 |
| 2 | Ingar Støyle Bringsvor | Sandshamn | 1.55.00 |
| 3 | Sigbjørn Emblem        | Åram      | 1.55.40 |

Fullstendige resultat frå trimbøkene og 7-topps-turen blir lagt ut på Sandsøy-sida på nettet.

Tor Arne Bringsvor  
Bjørn Baade  
Jan Bugge  
Kjell Borger Østlund  
Janicke Bringsvor  
Inge Skare  
Solgunn Våge  
Laila V. Bringsvor  
Jan Håkon Støyle  
Vebjørn Strømsnes

# Friidrett

Vi starta opp med ca 15 trenings villige unga , kvar torsdag ettermiddag i gymsalen.

På våren hadde vi treninger ute og hadde som mål å delta på 1—mai løpet på Åheim.

Vi fekk berre med oss 5 stk, men det var ein lærerik opplevelse .Veldig kjekt..

Men målet er å starte oppatt, men då må det vere fleire vaksne med.. Og kanskje som ein idrettsskule der det kan vere fleire ting vi driv med.Det kan vere ski , svømming , friidrett, handball, volleyball etc..

Janiche Bringsvor og Anders Bringsvor har hjelpt til når dei har hatt høve til det.

Mvh kristin Grande

Mvh Kristin Grande

# Årarrapport Dametrim..

Vi har hatt tilbud om dame trim kvar mandag og torsdag kl 20.00 i gymsalen på skulen.

Det har vore litt forskjellig oppmøte alt frå 2 til 8 stk.

Men vi har det kjekt...

Mvh Kristin Grande